



Sykkylven Rotary Klubb

Charterdato 5. juli 1956

President 2015-2016: Steven Blindheim

Visepresident: Bastian Weiberg - Aurdal

Samling av Nyhende i Sykkylven Rotaryklubb 2015/2016:

Guvernørbesøk og intercitymøte med Stranda Rotaryklubb 14. oktober 2015:

Onsdag 14. oktober hadde vi besøk av guvernør Odd Jarle Hagen og ass. guvernør John Stenes

Historia om Berlihuset: KLOKKEHAUG I SYKKYLVEN KORT HISTORIKK A. EIENDOMMEN Klokkehaug har vært en attraktiv eiendom til alle tider, der den ligger vakkert til nær fjorden, har flott utsikt innover mot fjellene og utover til øyene og med tilhørende jordegods. Eiendommen ligger også sentralt i forhold til bebyggelsen rundt Aureosen. Historiske kilder bekrefter dette. Ifølge lokalhistoriker Fredrik Drabløs, ble Klokkehaug første gang nevnt i historiske kilder i 1536. Da lå Norge under den danske kong Christian III, som kuttet båndene til den katolske kirken og reformerte den norske kirken. En følge av dette var at han slo under seg kirken, Klokkehaugen og annet jordegods som hadde tilhørt kirken i det såkalte Søkvelven. Før 1536 hadde Klokkehaug med andre ord tilhørt den katolske kirken – og hvor lenge det hadde vart, vet vi ikke. Navnet Klokkehaug kommer av at kirkeklokkene var plassert her, slik at de kunne høres vidt omkring. Ca 130 år etter var det kong Christian Kvart som hersket over Norge. Han kom etter hvert i pengeknipe, og i 1660 pantsatte han både kirken, jordegods og Klokkehaug til noen velstående bergensere. Slik kom eiendommen igjen på norske hender. Så vet vi at Klokkehaug ble solgt 20 år seinere, til borgundpresten C. P. Hiermann. Og ca 40 år etter dette, i 1721, ble den kjøpt av en tysker. Det er en litt pussig historie som kan nevnes her. Major Carl Friedrich Röhmer hadde tilhørt den danske hæren, men da regimentet hans var i keiserlig tjeneste for Ungarn, altså utleid, skal han ha gjort en svært

tapper innsats. Dette må ha blitt forkynt for danskekongen, kanskje med god betaling også fra den ungarske keiseren, siden major Röhmer, som takk fra danskekongen, ble utnevnt til sjef for det Nordre Søndmørske Kompagni. Röhmer flyttet til Sunnmøre og valgte å slå seg ned her på Klokkehaug. Først på bygslet jord, som han siden kjøpte. Han giftet seg også med en norsk kvinne. Röhmer skal ha bygd et stort hus med loft og ark, med fire stuer på rad og med jernkakkellovn i hver stue! – et staselig hus for en høy offiser. Dette i tillegg til driftsbygninger. Og fra denne karen fikk sykkylvningene tilført virkelig verdifull kunnskap – ikke om krigføring, men om landbruk! I ca 1780 skrev historikeren Hans Strøm om Klokkehauggarden: "Paa denne gaard ser man ellers de udugeligeste myre forvandlede til den skjønneste eng, og mangfoldige veiter andlagde ei alene til at bortlede det kolde vand, men og til at modtage fiskesloe (det er hoveder og indvolde af torsk og andre fiskearter) hvis fedme siden ved hjelp af vandet føres og ledes fra et sted til et andet, altsammen ved herr oberstløytnantens flid, som for et snes år siden boede her og satte gaarden med stor bekostning i den ypperste stand.". Röhmer og en stesønn eide Klokkehaug fram til 1757. Kanskje som takk for innføringen i moderne jordbruk, ble en fjelltopp oppkalt etter han – nemlig Rømerhornet som vi kan se fra sentrum. Omkring 1880 ble gården delt i tre, og det vi nå kaller Klokkehaug ble Børre Berli's eiendom gjennom giftemål med Elen Andrine Gurine Woldsdal fra Ålesund. Børre Berli kom fra Valldal og drev først kolonialhandel i Ålesund, men gikk siden over til fiskeeksport. Han blir regnet som en pioner i eksporten av iset sild til England, klippfisk til Spania, og kveite og hyse til både Tyskland og England. 2 B. BERLIHUSET Børre Berli lot bygge den treetasjers patrisiervillaen, inspirert av italiensk renessanse stil, som nå står på eiendommen. Huset kalles fremdeles Berlihuset, og det har vært et særsyn i bygda fra det sto ferdig i 1896 og til nå. Fylkesantikvar Jens Peter Ringstad skrev i 1996 bl.a. dette om bygget: "Berlihuset representerer ein tradisjon med lystgardar for velstående byborgarar, truleg eitt av få døme på slike anlegg her på Sunnmøre. Rundt dei større byane, med eit større "patriarcat", hadde ein fleire døme på slike lystgardar med full gardsdrift. Villaen på Klokkehaugen er eit sær s godt døme på den rike panelarkitekturen frå andre halvdel av 1800-talet. Vi kjenner ikkje arkitekten, men har fleire døme på denne sveitsarstilen både i meir monumentale hotellbygg frå same perioden og frå meir beskjedne bustadhus på Vestlandet. Berlihuset er særprega gjennom si representative fasadeløysing med loggia som flankerer eit høgt og sentralt frambygg. Loggiaen er framheva med bogeslag, søyler og ein rik snikkarornamentikk." Takene i første og andre etasje er dekorerte med gipsroser og vakre malerier i nyrenessanse.

Takmaleriene er utført av Johan Fredrik Berg fra Ålesund (1856 -1913), som etter kunstutdanning i Oslo flyttet til København hvor han bodde og praktiserte som aktiv kunstner i noen år. Berg flyttet deretter tilbake til Ålesund hvor han utførte landskapsmalerier, fanedekorasjoner og veggog takmalerier i de herskkelige hjemmene til den øvre sosiale klasse, herav også den nye "klippfiskadelen" som Børre Berli tilhørte. Når familien Berli oppholdt seg i "luksusgarden", ble de oppvartet av tre stuepiker kledd i sorte kjoler med hvite forklær og rysjekappe på hodet. I tillegg hadde de egen kokke og dreng som bodde i underetasjen. Bøker, tidsskrifter og pianonoter med bl.a. operettemusikk og andre populære melodier fra tidlig 1900-tall, som lå igjen da SapDesign overtok eiendommen, forteller om en livsstil som var ganske fremmed og imponerende for folk flest i Sykkylven på den tiden. Da vi først besøkte huset i 1979 sto sengene oppredde i soverommene. På nattbordene sto lys i stakene og gamle fyrstikkesker lå ved siden av. Kjøkkenet var fullt utstyrt med alt som trengtes for stor selskapelighet. I de tre stuene sto plysjmøbler, piano og det var høye krystallspeil mellom vinduene. På gesimsen i spisestuen sto en rekke hollandske ølkrus med tinnlukk. I takene hang vakre lysekroner med håndblåste lyspærer. Men dessverre, etter et u-opklart hærverk i 1986 var alt av speil, servise, lyspærer og ølkrus brutalt knust. SapDesign startet forhandlinger med Berlifamilien om kjøp i 1979 og fikk endelig tilslag i 1986. Vi startet et omfattende restaureringsarbeid i samarbeid med fylkeskonservator og Riksantikvaren. Da dette var ferdig i 1995, flyttet Norsk Møbelfaglig Senter inn som leietakere. De arrangerte i denne tiden flere utstillinger og seminarer, som ble godt besøkt av bransjen. De ble der til 1999 og fra da av har SapDesign selv hatt sitt tilhold i Berlihuset, med god plass til kontorer, utstillinger og møter med forretningskontakter fra inn- og utland. Lokalene gir en god atmosfære til alle slags sammenkomster, og tidvis ble stuene utleid til bryllup, konfirmasjoner og andre feiringer og til mindre konserter. I 2008 – 2010 to år ble en populær Marimekko-butikk drevet i underetasjen. Avslutningsvis vil vi informere om at Juryen for Godt-Vern-prisen enstemmig tilrådte at styret i Fortidsminneforeninga, Sunnmøre Avdeling, skulle gi prisen til Svein Asbjørnsen, for "framifrå godt vern og vedlikehald av Berlihuset på Klokkehaug i Sykkylven" – noe styret for foreninga gjorde "med glede" den 8. mars 1996. Sykkylven, 16.04.2012. Korrigert 18.06.2015. Ingjerd Asbjørnsen SapDesign as

Bedriftsbesøk ved PLA-MEK 27. januar 2016

27. januar var vi på interessant bedriftsbesøk på Pla-Mek på Aursneset. Thor Omenås og Kai Roger Bjørdal fortalde frå bedrifta og produkta som dei produserte og vi fekk ei interessant omvisning på fabrikk.

Publisert av Nils Kjemphol on 24. februar 2016

**Bedriftsbesøk til Rico Bil, Brusdalsvegen 207, 6011
Ålesund,
13. april 2016.
Olav Pileberg.**

Vi blei ønska velkomne av dagleg leiar sidan 2014 Jorunn Lundanes og noverande konsulent Fred J. Rishaug. Begge to er busette i Sykkylven sidan slutten av 1970-talet, og reknar seg difor som sykkylvingar. Bedrifta vart etablert i 1988, 1. september, etter at Mazda-forhandlaren Eiksund Auto AS i Ålesund gjekk konkurs. Her var Fred salgssjef, og hadde dei kontakter og den dugleik som skulle til for å få i gang ei ny verksemd med åtte tilsette i leigde lokale, eit lite stykke frå noverande plassering i Fremmerholen. Drifta har svinga, men med eitt lite unntak har bunnlinja vist grøn farge fram til dags dato. Staben har visst å setje tæring etter næring! Dagen i dag ser lys ut, og det same gjer framtida. Med nybygg og populære modellar av merka Mazda og Hundai, står Rico Bil AS fram som ei solid bedrift. Det er «sykkylvsbedrifta i Ålesund».

Jorunn og Fred tok godt vare på oss besøkande, og serverte velsmakande både kaffi og marsipankake. Etter orienteringa fekk vi vere med på ein runde som til fulle viste ei velordna bedrift i lyse, vennlege og romslege lokale. Underteikna referent kan skrive under på god kundebehandling med hyggelege tilsette. Sykkylven Rotary Klubb ved president Hallstein overrekte gåve og takka så mykje for at vi fekk komme og for fyldig og god orientering.

Publisert av Olav Pileberg on 4. juli 2016

Kyrkeparken i Sykkylven, ei perle i sentrum!

Service above self – Å gagne andre – kjem av og til ekstra godt til syne hos medlemane i Sykkylven Rotaryklubb. Tildømes på den årvisse dugnaden i Kyrkjeparken. Etter om lag 365 dager med opphopning av kvister, rask og rusk, gjer det uendeleg godt å få raka og rydda den vakre parken som skal stå fram for både konfirmantar og andre som rører seg i området utetter våren og sommeren. Tysdag denne veka skjedde det igjen; tjuve høgt hagekvalifiserte rotarianar tok tak i river og andre reiskapar som kalla fram tilfredse sukk langt ned i grasrøtene og nesten opp i tretoppene. Åhh, dette gjorde godt kviskra dei. Kai – Otto Roald stilte med sin vakre traktor frå garden, og Arvid Nordstrand levde opp til sitt gode namn og rykte som dugande arbeidsleiar. Når vi legg til at sjølvaste Rotarypresident Hallstein Lillevik baud på kaffi og kjeks, lyt alle forstå at dette var ein sær sars vellykka kveld med heile 9 varmegrader og sol frå tilnærma skyfri himmel.

Konfirmantane på banen

Også andre var på banen denne tysdagskvelden. Inne i kyrkja var det prøving av konfirmantkapper og diverse tilhøyrande aktiviteter i høve konfirmasjonen som står føre. Stikkprøver blant dei unge som kom etterpå, kunne tyde på at dette gledde dei seg til. Alt hadde gått på skinner inne. Også på dette området er kompetansen i kyrkjelyden stor, må vite. Lukke til konfirmantar! Lukke til unge og eldre som bruker Kyrkjeparken!

Referent: Olav Pileberg

Bastian i Karigarden 25. mai 2016:

Når ein kjem køyrande forbi Velle, legg ein merke til at det har kome ei flott ny driftsbygning i Karigarden. Nysgjerrige på korleis denne ser ut, var Sykkylven

Rotaryklubb heldige å få kome på besøk og «inspisere» den nye bygninga. Vi har nemleg eigaren, Bastian, som ein av medlemmane våre.

Vi blei tekne vel i mot. Etter å ha venta litt på at alle skulle innfinne seg, heldt Bastian innleiingsvis ei flott orientering om Karigarden og den nye driftsbygninga.

Som mange andre gardbrukarar stod han overfor følgande dilemma: Skal ein forsøke å vøle på og gjere den gamle driftsbygninga moderne, eller skal ein rett og slett bygge ein ny. Bastian valgte det siste. Etter å ha vore nødt til å fore opp golvet i gamlebygninga, følte han at det blei altfor lavt under taket, med det resultat at han blei gåande som søskena i filmen: «Søskenpar i evigheten». Eit viktig poeng, synes Bastian, er at garden bør vere i ein slik stand at komande generasjonar skal kunne ta den over. Altså at kvar generasjon leverer frå seg garden i bedre forfatning enn då den blei tatt over. Derfor satsa han på at ny driftsbygning er beste løysinga i så måte.

Planen var å kome i gang med bygging i 2013, men NGU ville først kartlegge evt. rasfare, slik at det blei eit års utsetting på byggestart. Hausten 2015 stod den imponerande bygninga ferdig. Det blei eit såkalla kaldfjøs oppført i massivt tre. Storleiken er 1040 m².

9. mars 2016 flytta kyrne inn og begynte å mjølke. Det er plass til 50 kyr med kviger, og det er 60 liggebåser. For øyeblikket er det 30 mjølkekyr. Det er installert mjølkerobot.

Golvet er såkalla spaltegulv der møkka renn i gjennom og ned i ein gjødselskjeller. Her er det ventilasjon slik at det ikkje skal samle seg farleg hydrogensulfidgass (H₂S). Det danner seg nemleg slik gass når ein blander vatn i gjøsla før ein køyrer den ut og sprer den over markene.

Elles er det ikkje installert noko ventilasjonsanlegg i sjølve fjøsen, men det er montert 5 piper på taket. Då vil varmen frå dyra gjere at det blir ein naturleg utlufting. Om vinteren kan det likevel blir kuldegrader inne. I dette høvet er det sørga for god isolasjon av vassrør, slik at ein ikkje risikerer at vatnet frys.



Det er montert ein verstasjon som regulerer utvendige gardiner i vindauga mot sør. Så vidt referent forstår er desse gardinene med på å regulere temperatur og luftig innvendig.

Sjølv om dyra er flytta inn i den nye driftsbygninga er likevel den gamle, flotte fjøsen i bruk. Her er det dei mindre dyra held til. Dette er meint å vere ei midlertidig løysing. Når nyfjøsen er heilt utbygd, blir dei flytta over hit

Bastian fekk mange spørsmål: Bl.a. om kor stor mjølkekvote han har. Til det svarte han 280 tonn, men dette er egentlig i minste laget. Prismessig kom den nye fjøsen på ca. 10 mill. kr. Så vidt referent forstår, har han ikkje meir tilgang på for enn han

treng. Derfor er det sikkert velkoment alt han kan få hauste inn av gras hos nabogardane i Velledalen.

Etter ei grundig og kanskje meir langvarig orientering enn Bastian hadde tenkt seg, gjekk vi inn i sjølve fjøsen. Har var kalvane plassert i nokre små båser, nesten som nokre kasser. Når dei kjem i «konfirmasjonsalderen» blir dei flytta til nabobåser. Vidare blir kvigene flytta til hø. sida i bygning sett frå inngangen, medan mjølkekyrne tek mesteparten av plassen til ve. Referent blei imponert over kor rasjonelt og nesten industrielt det heile er organisert. Særleg er mjølkeroboten imponerande. Når kyrne føler at det er spreng i jura, går dei inn i automaten. Ved hjelp av lasersensorer blir mjølkeorgana plassert over spenane, og kua blir mjølka. Når juret er tomt, blir organet tatt bort, og kua blir losa ut av automaten. Datateknologi er teken i bruk. Ved hjelp av nokre chips på øyret til kua blir det i automaten registrert om ho har vore innom ut om sin tur. Ho blir då automatisk skyssa ut, og får kome tilbake når det er hennar tur. Ei viss opplæring av kyrne må til for at det heile skal fungere rasjonelt.

Dersom Bastian vil ta seg ein tur ut om garden, er det kopla til alarm som slår ut dersom eit eller anna skulle klikke. Som eksempel fortel han at han via mobilen fekk beskjed om at det ikkje hadde vore mjølking på 3 timer. Då var gode råd dyre, men så vidt refererent forstår, gjekk det heile greit med litt ekstraarbeid. Elles har Bastian ansatt ein mann på heiltid. Ein dyktig kar frå Ukraina som er utdanna veterinær.

Det blir sjølsagt mykje «avfall» av så mange dyr. For å halde det så reint som mulig, er det installert ein robot som med jevne mellomrom køyrer rundt i fjøsen og gjer reint. Sikkert ingen dum ide med ein slik i dei tusen hjem, sjølv om ein automat der må ha litt mindre dimensjon enn denne i fjøsen.



Elles såg ei børste som roterte, til å vere populært blant kyrne. Rett som det var var dei bortom og fekk seg klødd og vaska(?).



Etter denne grundige orienteringa frå Bastian, der referent langt frå fekk med seg alt, var det i god Rotaryånd, tid for kaffi og kaker ut på tunet. Referent kan ikkje anna enn å vere storleg imponert over den nye fjøsen til Bastian, og takker tusen ganger for ei flott omvisning. Ynskjer han all mulig hell og lykke vidare i drifta. Og som vi pleide å avslutte stilane med på folkeskulen: «Alle var samde om at det hadde vore ein gild tur».



Referent Jarle Svindseth

Bedriftsbesøk Nyborg 15. juni 2016:

Sykkylven Rotary Klubb: Bedriftsbesøk 15. juni 2016 hos Nyborg AS, Sykkylven. <http://nyborgfan.com/> Bedrifta produserer vifter og utstyr til ventilasjon i m.a. skip og oljeplattformer. Alle leveransane blir "skreddarsydde" etter kunden sine behov. Rotary-medlemmene stilte til avtalt tid kl 19, og vi vart tekne imot av Arvid Nordstrand og adm. dir. Magne Klokk, begge med lang fartstid i bedrifta. Arvid baud på kaffi og Magne førte ordet i ei fyldig orientering om Nyborg AS, som vart etablert av Alfred Nyborg i 1947, under namnet Alfred Nyborg Maskinfabrikk AS. Alfred hadde m.a. bakgrunn som konstruksjonssjef hos Liaaen i Ålesund. Etter enkle kår i oppstarten, flytte bedrifta til noverande lokasjon på 1960-talet. Produkta var til å begynne med innretta mot fabrikkane i nærområdet, men etter kvart auka horisonten til vifte-produksjon i skips-marknaden. Etter som Noreg på denne tida hadde fleire produktive skipsverft, fekk Nyborg leveringar til desse. Dette varte til 1973, då oljekrisa kom. På byrjinga av -70-talet hadde fabrikkane ein topp med rundt 35 tilsette. Mot slutten av 1980-talet hadde marknaden svinga, og berre rundt 12 tilsette var att, med ei omsetning på ca 5 millionar kroner. Dermed vart det gjort ein restart, med god hjelp frå bankane, som synt velvilje i situasjonen. (Oddbjørn Ramstad var banksjef i Sunnmørsbanken då!) Den første store hallen – ca 1200 m² – vart bygd i 1996. På denne tida fekk bedrifta betre plass både til administrasjon, produksjon og lager. No gjekk fabrikkane inn i ein ekspansiv periode, med

investeringar i bygningar og maskiner. Siste utvidinga, med kantine, kom i 2014. Samla areal er på ca 2500 m².

For å kunne møte ein større marknad internasjonalt, gjekk Nyborg AS til kjøp av ei bedrift, ein viftefabrikk, i Polen i 2002. Her fekk dei hand om 40 % til å begynne med, men med opsjon på 20 % til, noko som vart innløyst i 2004. Nyborg Mawent S.A. heiter denne fabrikk, og han ligg 50 km sør for Gdansk. Her er det om lag 150 tilsette. I tillegg eig ein sidan 2010 ei engineering-bedrift i Gdynia: NM Design Office, med 7-8 tilsette.

Flatabø Eigedom AS, er namnet på selskapet som eig bygningane på Nyborg. Namnet er etter plassen der bygningane ligg no.

Produkta er no som før luftvifter og tilbehør til skipsmarknaden og til dels oljerelaterte installasjonar til havs. Nyborg AS har opparbeidd seg betydeleg kompetanse i denne marknads-nisjen. Dei skreddarsyr produkta etter kunden sine behov. Ved sjølvsyn fekk vi på rundtur i fabrikk sjå produkt på ulike stadier i produksjonen. Storleiken varierte mykje frå dei små, nette produkta, til dei store og tunge konstruksjonane til bruk på oljeplattform. Alt i alt ei interessant omvising og orientering i nok ei bedrift som Sykkylven har grunn til å vere stolt av!

Takk frå president Hallstein og medlemmene til Magne og Arvid som delte av si innsikt og sin kunnskap med oss!

Skrivar: Olav p

[Link til heile dokumentet med bilder: Nyborg juni 2016.](#)